



Gründaren av trelastlageret Tørris Myklebust fotografert i New York (Foto i siste nummer av Uskedalsposten).

Påskenummeret av Uskedalsposten er no i handelen og fortel blant anna ei historie om gründaren av Uskedal Trælastlager som ikke er så kjend: Som framifrå sjøkaptein berga Tørris Sveinsen Myklebust (1894/1967) ein annan norsk båt under stor dramatikk ved Falklandsøyane langt sør i Atlanterhavet.

Dette var to år før han i 1929 gjekk på land og starta trelastlageret, ein av Uskedalens mest livskraftige handelsverksemder.

Ellers fortel denne utgåva av Uskedalsposten om Kapteinsgårdens fascinerande og spesielle historie. Den vil strekkja seg over minst tre nummer.

Historia til Fjelly – ungdomslagshytta som har gjeve ly i 90 år – er også omhandla i ein fyldig artikkel og har eit spesielt supplement: Omtale av og utdrag frå ungdomslagsavisa Daltræk slik ho vart skreve for hundre år sidan.

Den bokaktuelle Olaf Agnar Gausvik er representert med stoff om både "Tunet i det blå" på Skorpo og Gullholmen.

To kunstnarar er også omhandla: Aud Myklebust som no har fått sitt atelier på Myro og Tor Jan Lakselv, som bur midt i sentrum.

Og så er det naturleg nok mykje påskestoff.



Tre krumtappar i trelastlageret i dag: Terje Myklebust, Berit Guddal og Finn Guddal (Foto i siste nummer av Uskedalsposten).